



Stafettloggen

- For dokumentasjon, samarbeid og gode overgangar

I situasjonar der barn og unge treng hjelp i ein fase i livet, brukar vi i Sula kommune ein elektronisk logg som sikrar dokumentasjon, samarbeid og god framdrift i dette hjelpearbeidet. Her får du som forelder/føresett ein introduksjon i bruken av denne loggen.

Kva er ein stafettlogg?

Stafettloggen er ei elektronisk loggbok for ditt barn/ungdom, der informasjon om alle hjelpetiltak som er sette i verk og involverte personar er samla på ein stad

Loggen gir ei oversikt over:

- alle avtalar som er inngått
- kva offentlege tenester som er involverte i hjelpetiltaka, og kva oppgåver dei har
- kva fagpersonar som er involverte i hjelpetiltaka, og kva oppgåver dei har

Ved å gjere oppdatert informasjon lett tilgjengeleg, vil stafettloggen bidra til å gjere overgangar mellom dei ulike nivåa i tiltaksarbeidet lettare for alle involverte.

Foreldre/føresette må alltid godkjenne at det vert oppretta ein stafettlogg for barnet eller ungdommen. Som foreldre/føresett vil de få tilgang til å lese i den elektronsike loggen. Dermed vil de alltid kunne vere oppdatert på kva loggen inneheld av informasjon. Det er kun føresette til barnet og dei offentlege tenestane som de gi samtykke til innsyn, som kan få lesetilgang til stafettloggen.

Når opprettar ein stafettlogg?

Ein stafettlogg vil starte opp når kommunen og de som føresette er blitt samde om å sette i verk hjelpetiltak rundt barnet/ungdommen, og de har gitt samtykke til dette. Hjelpetiltaka som blir lagt inn i loggen, vil vere knytta til utviklingsområder der barnet har behov for ekstra støtte og oppfølging i ei kortare eller lenger periode.

Dersom fleire offentlege tenester skal involverast, må de som føresatte gi samtykke til at kvar av desse får tilgang til loggen. Dette skal vere eit skriftleg samtykke.

Slik får du tilgang:

Den elektroniske loggen er tilgjengeleg på heimesida til kommunen

<https://www.sula.kommune.no/tenester/oppvekst-og-utdanning/oppvekst-og-utdanning-diverse/er-du-bekymra-for-eit-barn.4291.aspx>, på nettsida <https://sula.betreinnsats.no/> og direkte på <https://www.dips.com/no/user> (?????)

Når du har åpna innloggingssida, velg di kommune og logg på ved bank id(???)





SULA KOMMUNE

Avslutning av loggen:

Stafettloggen blir avslutta når de som føresett og dei andre samarbeidspartnarane er enige om at barnet trivst og at hjelpetiltaka har gitt ønska effekt. Men som føresett har de til ei kvar tid rett til å krevje at loggen blir avslutta.

Ein avslutta logg blir lukka og arkivert. Om det på eit seinare tidspunkt er behov for nye hjelpetiltak, skal de som føresett godkjenne om informasjonen som ligg i loggen skal gjerast tilgjengeleg eller ikkje.

Datatryggleik

Stafettloggen er godtkjent av Datatilsynet for lagring av personsensitive opplysningar.

Spørsmål?

Om du har behov for meir informasjon om stafettloggen, ta kontakt med stafettholdar eller andre offentlege tilsette.

Bilde.....

